


Inge Herman Rydland
Knapstadveien 18
1823 Knapstad

e-post: rydlandmail@gmail.com
tel: 412 79 370



17. april 2015

Arealplan

Lindås kommune
Kverhusmyrane 41
5914 Istdalstø

Kommuneplanen (123) og tomter på Rydland (173/3)

Viser til fleire brev frå meg om utbygging på Rydland. Breva er datert 3. august 2010 (med kart); 1. mars 2011 og 16. juli 2013.

Basert på desse breva, tillèt eg meg å leggja fram tre saker som eg gjerne vil realisera og be om ei positiv avgjerd på so raskt som mogeleg. Eg ber vidare om att saksframstilling i desse breva vert lagt til grunn for den handsaming som vert omtala i dette brevet. Ber også om att kvar av dei tre sakene *primært* vert handsama under eitt, *sekundært* att dei vert innfasa som individuelle tiltak.

1. Fritidsområde, Solbakken (brev av 27. november 2006 og 3. august 2010)

Denne saka har vore til fremma til kommunen i fleire rundar. I mars då, hadde eg på nytt møte med representant for bebruarar på Solbakken. Det fritidsområdet som kommunen krevde at eg skulle setja av i samband med utbygging av Solbakken av dåverande administrasjon, har eg og mange med meg heile tida visst ikkje passar til det formålet. Våre innspel vart ikkje høyrd, og området ligg i dag brakk.

I møte med Solbakken i mars, gjekk me igjennom status. Hovudårsaka er att det er fleire småborn på Solbakken som i dag ikkje har leikeplass. Det tilbodet som eg gav til Solbakken og kommunen i 2006 og som eg tok oppatt i 2010, står ved lag: *Solbakken bytter noverande (og ubrukande) fritidsområde med eit motsvarande område oppe ved husa («Svartmyra» - ikkje bonitetsmark). Ved å leggja fritidsområdet på flat mark framfor dei nye heimane, skapar me eit tryggt og lett tilgjengelig leikeområde for byggjefeltet. Grunneigar tek over det gamle fritidsområdet, som vert omdisponert til tomteareal, med rett til å knytta seg kostnadsfritt til veg, vatn og kloakk.*

2. Fullføre Solbakken (brev av 3. august 2010; 1. mars 2011; 16. juli 2013)

Solbakken vart først godkjend for fem bueiningar. Etter sal av tomtene, vart planen endra til ni einingar. Det var det eg fyrst bad om, men som kommunen ikkje ville gå med på den gongen. No ber eg om att siste trinn i utbygging av Solbakken som byggjefelt vert sett på dagsorden att.

Planen var å laga **eit tun** utan gjennomgangstrafikk. I brev frå 2010 ligg det ved kart som viser korleis det er tenkt. Som Svartmyra er dette ikkje området bonitetsmark. Med dette brevet ber eg om ei ny vurdering frå kommunen. Det gjeld to vertikalt delte hus, med plass til opp til

fire einingar. I brev referert til ovanfor søker eg om å få fullføra Solbakken slik det vart tenkt. Med dette brevet søker eg igjen om å få koma i gong med det prosjektet.


3. **Godkjenning av Solhøgda** (brev av 3. august 2010; 1. mars 2011; 16. juli 2013)

Denne saka er den som har lagt uavklart lengst, og som eg ikkje har fått oppfølging på frå kommunen si side. Planen er å byggja bustader som er tilpassa eldre, slik att dei kan verta buande heime så lenge som mogeleg. Det er lagt opp til hus i rekke, men endeleg løysing er må tilpassast området i meir detalj når kommunen gjev grønt lys fo at denne prosessen kan koma i gong. Målet mitt er å nytta sal av tomter til å reparera løa på Rydland – som er eit kulturminne av rang.

I sakshandsaminga av Solhøgda (og ferdigstilling av Solbakken) vert det frå kommunens side slått fast att «Begge er konfliktfylt ut i frå omsynet til landbruks- og kulturminneinteresser.» Eg har vore i kontakt med fylket om dette, og det er ikkje heilt klårt for nokon av oss kva som ligg i denne formuleringa. For det første, Solhøgda er ikkje bonitetsmark. Det at det vert slått, er meir for å halda det som veks der, nede. For det andre, eg ber kommunen gjera greie for kva som ligg i kulturminneinteresser i denne saka. Har etterlyst det tidlegare, men utan resultat. *Med dette brevet søker eg om kommunen si godkjenning å starta arbeidet med å realisera Solhøgda for bustadar.*

Eg er klår over att kommuneplanen er rullert. Om naudsynt, ber eg kommunen opplysa meg om korleis eg kan gå fram for å söka dispensasjon frå denne planen. Dette fordi eg meiner att tida no er inne for kommunen å sjå positivt på nyetablering på Seim. Argument som i åretal har sett ei slik utbygging på vent, er ikkje lengre der. Eg legg også til at høgbonitetjorda på garden min, ikkje vert rørd av de tre prosjekta som eg har omtala i dette brevet.

Med venleg helsing,


Inge Herman Rydland
grunneigar

Kopi:

- Jan Erik Hopland, Solbakken
- Nils Kaalaas, Fagleiar, Lindås kommune

Vedlegg:

- Brev av 3. august 2010
- Brev av 1. mars 2011
- Brev av 16. juli 2013